

**Hordaland Fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900,  
5020 Bergen**

Norheimsund 28.11.2014

**MY Faun – LXDF , utbetaling av tilskott til fartøyvern for 2014  
Dykkar (ref 2014 / 430 -39).**

Viser til tilsegnsbrev av 27. mai 2014 og vår aksept av vilkår. Me bed med dette om at fartøytilskott for 2014, kr 20 000,- blir overført til vår konto 3530 05 03096.


Me takkar for det viktige bidraget frå Hordaland fylkeskommune og kan kort rapportere fylgjande status:

Fauns venner, med base i Bergen, driftar MY Faun for andre året og gjer stor innsats med vedlikehald og drift av yachten. Dei slippsette fartøyet og fekk malt opp fribord, stoffa undervasskrog, malt salongtaket med seilduksdekke og malt opp at heile forpiggen. Dei fekk også produsert nye sitteputer til cockpiten akter. Litt av motivasjonen for dette gode arbeidet var nok turen til Oslo i konvoien til Kystens landsstemne. Her var Faun med i opningsprosesjonen inn til stemnehamna ved operabygget. Faun har vore open for publikum i alle hamner og er eit ynda fotomotiv. Hardanger fartøyvernssenter står for vinteropplag og gir fagleg rettleiing til vennelaget.

For info om vennelaget og aktiviteten deira søk vennelaget Faun på Facebook.

Felles rapport til fylkeskommunen og Riksantikvaren blir ettersendt.

Med venleg helsing  
Hardanger og Voss Museum



Anne Marie Øvrevik  
Konst. direktør  
Hardanger og Voss museum



Geir Madsen  
prosjektleder